

Bocca Under gjekk til topps!

28.12.2009



Med mannskap frå Uskedalen, Omvikdalen og Rosendal gjekk laget Bocca Under til topps i romjulscupen på Husnes. I finalen møtte dei Underdogs, stort sett med juniorar frå Trio på laget. Kampen vart først avgjort på den fjerde straffen i straffekonkurranse. Det stod 1-1 etter full tid etter scoringar av Mats Paulsen for Underdogs og Jonny Furdal for Bocca Under. Underdogs var nærmast sigeren, men var for forsiktige foran mål, påpeikar Kvinnheringen.

Anders Næs vart utvist 10 sekund før slutt. Han var imponert over ungutane laget hans møtte i finalen og meinte at mange av desse spelarane kan nå langt.

Det var også med uskedelingar på andre lag.

På biletet er det sigrande laget med Helge Furdal, Rolf Christian Mehl, Tommy Joa, Anders Næs, Yngve Myhre, Christian Sundsteigen, Lars Johan Myklebust, Jonny Furdal og Odd Steinar Arnesen. Myhre, Myklebust og Arnesen er frå Uskedalen.

(Foto: Kvinnheringen)